

Helselaget med hundreårsmerking



Din helse -
vår hjertesak!

Laurdag 8. mai er ein viktig organisasjon i landet - Nasjonalforeningen - 100 år.

Den har 565 helselag og demensforeiningar under seg og ein av dei mange aktive foreiningane er å finna i Uskedalen.

Det er all grunn til å vera imponert over kva helselaget vårt har utretta gjennom åra og typisk nok vil laget markera dei 100 åra skikkeleg.

Det skjer utanfor SPAR denne dagen - frå klokka 11 og i eitpar timer.

Skulemusikken skal spela og professor i anatomi Reidar Myklebust held ein stutt appell der han nok ikkje minst vil koma inn på hjartesaka. Nasjonalforeningen er den største humanitære bidragsytar til hjarteforskning i landet. Men foreiningen er også med og finansierer forsking innan demens og tuberkulose. Av andre oppgåver kan nemnast at Nasjonalforeningen finansierer flest eldresentra av organisasjonene våre.

Under arrangementet ved SPAR blir det steikt sunne vaflar etter ei oppskrift som er sendt ut ihøve jubileet. Oppskrifta, som mellom anna inneholder skumma mjølk og sammalt mjøl, vil bli trykt opp slik at dei som vil kan steika sjølv.

Det vil også bli stilt fram ei krukke slik at uskedelingane kan gje pengar til det gode føremålet, fortel Inger Moberg, ei av dei lokale eldsjelane.

Av Ola Matti Mathisen

ENCEPHALON, CEREBRUM

- Gresk og latinsk navn på storhjernen



Reidar Myklebust, her under eit foredrag sist vinter om hjernen på Husnes, vil halda ein appell ved SPAR. (Foto: Ola Matti Mathisen)